

Busstoppskilt på plass i sentrum.

06.07.2018



Busstoppskilt er på plass i sentrum.

Busstoppen ved det tidlegare Samyrkjelaget i Uskedalen har eksistert i svært lang tid. I mange år har det no vore usikkerhet rundt den på grunn av manglande skilt. No er nye skilt komne på plass i begge retningar, og all tvil er dermed rydda av vegen.

I åra det har mangla skilt har det versert ulike meiningar om det har vore busstopp på staden eller ikkje. Nokre har hevda at det vart slutt på busstoppen der då busslomma vart bygd ved skulen. Dei har trudd at bussane har stoppa av gammal vane og velvilje frå sjåførane. Andre har meint at det er busstopp der som før. Når dei nye skilta no er komne på plass, er det i alle fall ingen tvil lenger.

Ei av dei som har stått på for å få busstoppskilt på plass, er Inger Lise Eidsvik som driv Lises Krambu like ved. Ho har vore vitne til mange stygge forbikjøringar der, og vi kjenner til at ho gjentekne gonger har vore i kontakt med kommune, vegvesen og andre instansar for å få orden på det. No har det altså gjeve resultat.

Det er svært viktig at alle trafikerande respekterer busstoppskilta. Det må ikkje bli gjort forbikjøringar når bussen stoppar der. Til det er strekninga for lite oversiktleg.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland